

PROTOKOLL
MØTE I REGIONRÅDET NORDHORDLAND

Møte: 1-2017
Tid: Fredag 31. mars kl. 09:00 - 14:30
Stad: Alver hotel

Til stades:

Ordfører:	Karstein Totland, Hallvard Oppedal, Stian Herøy, Per Lerøy, Astrid Aarhus Byrknes, Jarle Skeidsvoll, Tom Kristian Thorsen, Jon Askeland (ikkje 10-12/17), Øyvind Oddekalv (ikkje 10-12/17)
Rådmenn:	Øivind Olsnes, Ingvild Hjelmtveit, Svein Helge Hofslundsengen, Ingebjørg Vamråk, Jan Olav Osen, Ivar Sandgren (ikkje 10-12/17)
NUI:	Rune Heradstveit, Bent Gunnar Næss
Andre:	Sak 5/17: Svein Nordvik (Nordhordland Næringslag) Sak 6/17: Øyvind Stang (Lindås kommune) og Rune Håndløyken (Kulturhusplan DA)
Forfall:	Jarle Landås, Ørjan Raknes Forthun, Reidun Halland

Sak 1/17	Godkjenning, møteinnkalling og sakliste Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.
Sak 2/16	Godkjenning, protokoll møte 9-2016 Møteprotokoll frå møte 9-2016 vart godkjent utan merknadar.
Sak 3/17	<p>Uttale til Regional transportplan Hordaland, planprogrammet</p> <p>Forslag til uttale var sendt ut saman med saklista.</p> <p>I diskusjon i møtet vart det bl.a. peika på følgjande moment som bør med i uttalen:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Bruka fjordsystemet til kollektiv. Sjå på andre ruter enn det ein gjer i dag. Går ruter gjennom vår region i dag, som kanskje kunne vore utbetra betre. Framtidas løysing – meir miljøvenlege båtar ▪ Innfartsparkering. Kapasiteten er ofte (alltid) for dårleg når ein byggjer ut. Innbydande sykkelkur som gjer det meir aktuelt å velja sykkel framfor bil ▪ Det må vera samanhengande overordna fylkesveg på 570 frå Duesund og fram til fylkesgrensa i Sogn og Fjordane ▪ Autonome kjøretøy. Løfta blikket, sjå på kva moglegheiter. Få til meir effektiv drift på nokre område for å kunne omfordela ressursar til andre område ▪ Bevisst kollektiv strategi utanfor Bergen? Dette sett i samheng med den nye regionen (Sogn og fjordane er langt framme på dette området) ▪ Ferjer – frekvensen bør aukast! Det same med båttruta ▪ Sambandet Vest – knyta Radøy og Meland saman. Ligg i siste punktet i intensjonsavtalen mellom Lindås, Meland og Radøy ▪ Ferjeavløysingsmidlar må omtalast ▪ Fylkeskommunalt ferjesamband Valestrand - Breistein <p>Vedtak:</p> <p>Regionrådet slutta seg til forslaget til uttale med dei endringar som vart tatt opp i møtet. Høyringsbrev vert sendt ut innan høyringsfristen fredag 7. april.</p>

Sak 4/17	<p>Statistikk, folketal og demografi og arbeidsledige i Nordhordland</p> <p>Bent Gunnar Næss presenterte oppdatert statistikk når det gjeld folketal, demografi og arbeidsledige i Nordhordland. Presentasjonen var sendt ut saman med sakslista.</p> <p>Vedtak: Regionrådet tar orienteringa til vitande.</p>
Sak 5/17	<p>Nordhordland Næringslag, strategiplan 2017-2020.</p> <p>Svein Nordvik presentert Nordhordland Næringslag sin vedtekne strategiplan for perioden 2017-20 (vedlegg).</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Synleg og attraktiv næringsorganisasjon for heile næringslivet i regionen ▪ Påverka lokale og regionale styresmakter herunder dialog og samarbeid med politisk/offentlig. Viktige saker er bl.a. NTP: E39 Vågsbotn-Nordhordland, omdømmebygging av regionen, utvikle regionsenteret, ny kommunestruktur, lokale rammevilkår ▪ Et framtidretta utdanningstilbod basert på samarbeid skule-næringsliv herunder utvikla kompetanseprosjektet, sikra arbeidslivet riktig kompetanse, læreplassar og læreverksemder ▪ Vekst og utvikling i havbruksnæringen herunder arbeidsplassar, teknologi og kompetanseoppbygging. Det er viktig å få til ein samordna arealplan for havbruk <p>Svein Nordvik understreka det gode samarbeidet ein har med Regionrådet / NUI og at det no er gode samtalar og møteplassar om korleis ein best samhandlar framover for regionen sitt beste. Han viste her til felles skriv om at utdanningsprogrammet service og samferdsle må oppretthaldast ved Knarvik vs som eit gode døme på godt samarbeid.</p> <p>Vedtak: Regionrådet tar orienteringa til vitande.</p>
Sak 6/17	<p>Regional kulturhus i Knarvik, orientering om forstudiet</p> <p>Øyvind Stang (Lindås kommune) og Rune Håndlykken (Kulturhusplan) orienterte om forstudiet for Regionalt kulturhus i Knarvik som Lindås kommune har bestilt. Presentasjon vedlagt.</p> <p>I gjeldande økonomiplan er rådmannen bedt av kommunestyret om «å gjennomføre ei behovskartlegging av bygging av eit regionalt kulturhus». Det vart utarbeidd ein rapport/kunnskapsgrunnlag, i lag med Telemarksforsking som vart presentert for formannskapet. Prosjektet vil byggje på denne rapporten, og ein skal utforma eit dokument som kan gje politisk leiing eit godt grunnlag for å ta stilling til korleis ein kan leggja opp den vidare prosessen med å «planleggja og byggja eit kulturhus i Knarvik», jamfør tiltak i kommuneplanen.</p> <p>Mål:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. På sikt bidra til at regionen får «eit markant samlingshus som styrkjer identiteten og skapar liv i regionen» (Sitat henta frå rapport frå Telemarksforsking) 2. På sikt bidra til at alle innbyggjarar, både ung å gamal kan symje og vere i aktivitet i eit basseng og slik betre folkehelsa i kommunen <p>Intensjonsavtalen mellom Lindås, Meland og Radøy: «Den nye kommunen vil arbeida for å realisera eit felles regionalt kulturhus». Det er og sterke føringar i fylkeskommunen sin «Regional plan for attraktive senter 2015 – 2025».</p> <p>Forstudien er eit mogelegheitsstudie, og byggjer på ein behovsundersøking. Kulturhus er noko som har vore eit tema i Lindås kommune i alle fall tilbake til 2001.</p> <p>Regionalt kulturhus og badeanlegg Knarvik vil ha funksjonar på tre nivå slik Håndlykken ser det:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Kulturhus og lokalt symjehall for Knarvik og for Lindås 2. Kulturhus og folkebad for storkommunen 3. Regionalt kulturhus og symjeanlegg for kommunane i regionen

	<p>Det er veldig lite sannsynleg at det vert gjort noko bindande vedtak om bygging før ny kommune er etablert. Det vart også understreka at eit kulturhus i Knarvik vil vera for heile regionen og det vil vera viktig for at Nordhordland skal vera meir enn ein forstad til Bergen, men ha sin eigen identitet med gode kulturtilbod.</p> <p>Håndlykken forklarte vidare kva forstudien må seia litt om når det gjeld behov, kostnad, eigarskap, driftsmodelar og vegen vidare. Bl.a. må det vurderast regionale behov og medverknad frå fleire enn Lindås kommune (Den nye kommunen).</p> <p>Forstudien (mogelegheitsstudien) skal vera ferdig til 23. mai d.å. og skal til politisk handsaming i Lindås i mai / juni.</p> <p>Vedtak: Regionrådet tar orienteringa til vitande.</p>
Sak 7/17	<p>Val av styremedlem og varamedlem til Stiftinga Lyngheiseret</p> <p>Regionrådet er med i stiftinga Lyngheiseret, og skal peika ut medlem med varamedlem til styret. Medlemmene fylgjer normalt den kommunale valbolken, men grunna at våre tidlegare medlem har sete eit år ekstra, blir no medlemmene utpeika for perioden 2017-2019.</p> <p>Valnemna har denne innstillinga til medlem og varamedlem fram til og med 2019.</p> <p>Vedtak: Regionrådet oppnemner Tom Kristian Thorsen til styret i Stiftinga Lyngheiseret for perioden 2017-2019, og Kristin Nåmdal som varamedlem for same periode.</p>
Sak 8/17	<p>Interkommunal akvakulturplan – prosess.</p> <p>Rune Heradstveit og Bent Gunnar Næss presenterte prosess for gjennomføring av Interkommunal plan for akvakultur for Region Nordhordland. Presentasjon vedlagt. For at prosjektet skal lukkast må det forankrast i kvar einskild kommune med vedtak i kommunestyret om at ein vil vera med. Det vart også understreka at kommunane må sette av ressursar til dette prosjektet. For å få til den forankringa vart det presentert ein plan for oppstart:</p> <div style="text-align: center;"> <p>Prosess – <u>Oppstart interkommunal akvakulturplan</u></p> <pre> graph LR A[Opstartsmøte (mai / juni)] --> B[Regionrådet (1. september)] B --> C[Kommunestyra (sept/okt)] </pre> </div> <ul style="list-style-type: none"> • <u>Ordførar</u>, rådmenn og plansjef • Tema - <ul style="list-style-type: none"> • <u>Kvifor</u> • Kva skal planen <u>innehalde</u> – status • Prosess • Organisering • <u>Vedtek</u> den overordna planen <ul style="list-style-type: none"> • Formål • Prosess • Organisering • Finansiering • Vedtak om oppstart av arbeidet med interkommunal plan for akvakultur <p style="color: red;">• <i>Før dette inviterer me til ei samling med plansjefane</i></p> <ul style="list-style-type: none"> – <i>Orientering, kartlegging, få innspel til - prosess, organisering</i> – <i>Planlegge møte i mai</i> <p>Vedtak: Regionrådet slutta seg til NUI sitt forslag til prosess for oppstart arbeidet med interkommunal akvakultur.</p>

Sak 9/17	<p>Status bompengesøknaden / NTP / E39 Vågsbotn – Nordhordlandsbrua</p> <p>Jon Askeland informerte kort om status. Pakken ligg fortsatt i Vegdirektoratet saman med mange andre bompengeprojekt i påvente av at handsaminga av NTP skal bli ferdig. Dette har nok med ressursar i direktoratet å gjera. Signala er at bompengepakken vert tatt tak i så fort ressursane blir ledige.</p> <p>NTP og E39 Vågsbotn – Nordhordlandsbrua vart drøfta og diskutert. >Det har vore jobba på mange plan for å få prosjektet med når det gjeld planmidlar i NTP.</p> <p>Vedtak: Regionrådet tar orienteringane til vitande.</p>
Sak 10/17	<p>Status Region Nordhordland Helsehus</p> <p>Rune Heradstveit orienterte om status for prosjekt Region Nordhordland Helsehus (vedlegg) Forprosjektrapporten vert levert i dag, 31. mars og skal handsamast i St.gruppa og styret neste veke. Fordeling og utforming av areal/funksjonar med tett involvering av leigetakarar og brukarrepresentantar er gjennomført. Prosjektet er gjennomknadd. Forprosjektrapporten viser eit bygg på 13230 m² BTA + underetasje på 3 594 m² = 16824 m².</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Arbeidet med leigeavtalane har skjedd i tett dialog med leigetakarane, og er nærmast klare. ▪ Riggplass er tenkt på kommunal eigedom i sør. Det er dialog med grunneigar sør for denne for å få tilkomst. ▪ Utbyggingsavtale er ferdig forhandla, skal no handsamast politisk i Lindås kommune. Dette vil ta tid, og me har derfor fått lov å levera Rammesøknad med vilkår knyt til at endeleg godkjent vert utbyggingsavtale. ▪ Det pågår eit arbeid vedr avklaring av høgder i områdeplanen (Kvassnesvegen, E39 m.m.). Dette er eit Lindåsprosjekt som har betydning for byggjehøgder, senking av Kvassnesvegen og detaljregulering av E39 mV. ▪ Nabovarsel er sendt ut og dispensasjonssøknad vert sendt til Lindås kommune (8 mindre dispensasjonar som gjer prosjektet betre). Det har vore tett dialog mellom prosjektet og byggjesaksavdelinga i kommunen. ▪ Når det gjeld Telenormasta og basestasjon som er plassert på tomte i dag – og i framtid allmenningen, er prosjektet i dialog med KIM om å flytta masta til deira eigedom. Styret i KIM har sagt ja til to alternative plassar. ▪ Usikkerheitsanalyse av forprosjektet er bestilt. Metier AS skal gjera jobben, dei er valt etter konkurranse. Analyza skal vera ferdig i veke 17, og skal identifisera dei mest usikre forholda ved forprosjektrapporten, etablera eit mest mogeleg realistisk kostnadsoverslag og få ein oversikt over kor mykje ein må finansiera opp. <p>Vidare tentativ plan for prosjektet er:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Rammesøknad for byggjeprosjekt vert sendt til Lindås kommune snarast ▪ Leigeavtalane skal til godkjenning hos leigetakarane ▪ Saksgrunnlag med vedtak om lånerammer og realisering av bygget vil bli sendt ut slik at det kan handsamast i dei ni eigarkommunane i kommunestyrene i juni 2017 ▪ Utbyggingsavtale godkjent av Lindås kommunestyre i løpet av august 2017 ▪ anbudsfasen og evaluering haust 2017 ▪ Ca. kontrahering av totalentreprenør jan / febr 2018 ▪ Ca. oppstart bygggearbeid i mai / juni 2018 ▪ Ca sluttdato bygggearbeid i mai / juni 2020 ▪ Ca. innflyttingsfase leigetakarar september 2020

	<p>Vedtak: Regionrådet tar orienteringane til vitande.</p>
Sak 11/17	<p>Status frå utvala</p> <p>Utval for helse og omsorg. Ikkje vore møte sidan sist.</p> <p>Utval for Næring og samfunnsutvikling Hallvard Oppedal orienterte kort om dei sakene som har vore handsama i det siste, bl.a. RTP, og elles om planane framover med blant anna møte i Sløvåg 25. april.</p> <p>Utval for Kultur, omdømme og kunnskapsutvikling. Utgjekk då Øyvind Oddekalv var gått vidare i anna møte.</p> <p>Vedtak: Regionrådet tar orienteringane til vitande.</p>
Sak 12/17	<p>Meldingar og eventuelt</p> <p>Etablerfond Bergensregionen Rune Heradstveit orienterte om prosess fylkeskommunen har med å finna ein aktørar som skal få i oppgåve å forvalta etablererfond for kommunane som tidlegare høyrte til BRB (Bergensregionen). Valet står mellom Bergen kommune og Nordhordland Utviklingsselskap IKS. I løpet av møtet kom det e-post i frå Hordaland fylkeskommune som stadfesta at dei har bestemt at Nordhordland Utviklingsselskap IKS skal gjera denne jobben.</p> <p>Nordhordlandsting Rune Heradstveit la fram forslag om Nordhordlandsting måndag 15. mai kl. 17:00 - 20:00. Tema vil vera Nordhordland Biosfæreområde og Region Nordhordland Helsehus.</p> <p>Vedtak: Regionrådet slutta seg til forslaget om Nordhordlandsting måndag 15. mai kl. 17:00 - 20:00.</p>

Knarvik, 7. april 2017

Karstein Totland

Karstein Totland
Leiar
Regionrådet Nordhordland

Rune Heradstveit

Rune Heradstveit
Dagleg leiar
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Vedlegg:

Sak 5/17 Presentasjon Nordhordland Næringslag, strategiplan 2017-2020
Sak 6/17 Presentasjon Forstudie Regionalt kulturhus i Knarvik
Sak 8/17 Presentasjon Interkommunal akvakulturplan
Sak 10/17 Presentasjon, status Region Nordhordland Helsehus